

## Møterefekat

Dato: 14. desember 2021

Emne:	Næringsforum		
Til stades:	Bård Sandal, Anne Kverneland-Bogsnes, Marit Warncke, Øystein Høyvik, Elin Sjødin Drange, Geir Kåre Resaland, Helene Frihammer, Roger Pilskog, Rigmor Fardal, Christian Rekkedal, Tina Lihaug, Mette Nora Sætre, Kathrin Jakobsen, Christina Santos, Reidun Malvik, Ken Enoksen, Tommy Knutsen, Johanne Sognefest Haaland, Randi Lotsberg		
Forfall:	Roger Aasarmoen, Margareth Hagen, Geir Mikalsen, Heidi Fossland	Sak:	
Møtetid:	Fredag 19. oktober 2021 kl 1400 – 1600	Møtestad:	Digitalt

Møteleiar: **Bård Sandal**

Referent: Gisle Johanson

**Sak 45/21: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det er ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**Sak 46/21: Godkjenning av referat 19. oktober 2021**

Referat fra møte 19. oktober 2021 vart godkjent.

**Sak 47/21: Handlingsprogram Berekraftig utvikling**

Bård Sandal orienterte om status og behandling av Handlingsprogrammet i fylkestinget same dag og at vidare oppfølging av handlingsprogram og årsplan blir tatt opp i komande møte i Næringsforum. Anbefalingar frå Grøn Region Vestland vert innarbeida i planar.

Det vart kommentert at det er viktig å løfte fram hub'ane frå Grøn region Vestland og at det må arbeidast vidare med finansiering av tiltak for å realisere dei. Det var og peika på at målsetjinga om inkluderandte samfunn er like viktig som «innovativ» og at fylkeskommunen sin innkjøpsmakt er viktig verkemiddel.

*Konklusjon: Vestland Næringsforum tek orienteringa til vitande med dei nemnde kommentarane*

**Sak 48/21: Kartlegging av innovasjonsstrukturen i Vestland**

SIVA og KPMG presenterte rapporten.

Det vart kommentert at regjeringa har tinga en forenkling av verkemiddelstrukturen og at aktørane i Vestland må samarbeide om dette.

«Ein veg inn»-prosjektet i Innovasjon Norge vart trekt fram som eit viktig tiltak.

*Konklusjon: Orienteringa vart tatt til vitande med nemnde kommentar.*

#### **Sak 49/21: Grøn region Vestland – status opp oppfølging etter lansering**

Bård Sandal innleia og orienterte om at Vestlandsparteføljen ikkje er politisk vedteke, men at det ligg til Næringsforum å følge opp og bidra til realisering. Det er satt ned ein arbeidsgruppe som vil leggje fram ein samarbeidsrigg. Målet er å finne ein modell for å styre og følge opp arbeidet med å realisere Vestlandsparteføljen.

Det var kommentert at det er viktig å holde engasjementet oppe og at aktørane må bidra til å kommunisere tiltak for å realisere arbeidet med deg 16 hub'ane.

*Konklusjon: Næringsforum tek orienteringa til vitande og saka blir satt på agendaen i neste møte.*

#### **Sak 50/21 Eventuelt**

Øystein Høyvik, KS orienterte om KS/NHOs kåring av Årets vertskapskommune og oppfordra partnarane om å nominere forslag.

Han orienterte og om eit forskingsarbeid i KS for å kartleggje kjenneteikn på næringsvenlege kommunar. KS ønsker bidrag til programmet.

Bård Sandal og Mette Nora Sætre nytta høvet til å takke Elin Sjødin Drange på vegner av Vestland fylkeskommune og Næringsforum for langt og godt samarbeid.